



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	18.02.2026
Møtetid:	10:15 -16:10
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Andvik	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H

Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Stian Søyvik	medlem	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Bjarte Andvik	H
Tina Korsøen Fjellby	Veronika Hjartholm	H
Inge Borge	Svein Bjarte Fredheim	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 1/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 11.12.25	
PS 3/2026	Val av nytt medlem i formannskapet, Kraftfondstyret administrasjonsutvalet og valstyret for resten av valbolken 2023 - 2027	
PS 4/2026	Søknad om forlenging av permisjon frå politiske verv - Pia Yvonne Jakobsen	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 5/2026	Saldering budsjett 2026	
PS 6/2026	Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.	
PS 7/2026	Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek	
PS 8/2026	Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune	
PS 9/2026	Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding	
PS 10/2026	Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe	
PS 11/2026	KS Debatthefte 2026 - Tid for taktskifte	
PS 12/2026	Referat- og orienteringssaker	
RS 1/2026	Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 04.02.2026	
RS 2/2026	Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 12. desember	
RS 3/2026	Referat etter 1. møte i arbeidsgruppa for Masfjordsambandet i 2026	
RS 4/2026	Høringsbrev	
RS 5/2026	Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 02.02.26	

RS 6/2026	Programmet til Kvinner og Kraft 2026 er her!
PS 13/2026	Interpellasjonar og spørsmål
FO 1/2026	Spørsmål til ordførar i kommunestyremøte 18.02
FO 2/2026	Spørsmål til ordførar-kommunestyremøte 18.02.2026
FO 3/2026	Spørsmål til ordførar sendt inn til kommunestyret 18. februar 2026

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 11.12.25

Ørjan Daae (FrP) peikte på at i deira framlegg til vedtak i sak PS 86/2025 var tilknytingsavgiftene tenkt med moms. Rett framlegg til vedtak er difor:

- Byggesak bustad (basisgebyr) 6 000 kr m/mva
- Tilknytingsavgift vatn 15 000 kr m/mva
- Tilknytingsavgift avlaup 25 000 kr m/mva
- Redusert tilknytingsavgift for vatn og avlaup skal også gjelde eksisterande bustader. Reduksjonen dekkes av bustadfondet Gebyrene låses i denne perioden (2026 - 2029)

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 11.12.25:

Møteprotokoll med merknaden frå Frp vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 3/2026 Val av nytt medlem i formannskapet, Kraftfondstyret administrasjonsutvalet og valstyret for resten av valbolken 2023 - 2027

Kariann Ekren (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 3/2026 Val av nytt medlem i formannskapet, Kraftfondstyret, administrasjonsutvalet og valstyret.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Ekren var habil.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram slikt framlegg til vedtak.

- Vebjørn Haugsdal vert vald som medlem i formannskapet, Kraftfondstyret, administrasjonsutvalet og valstyret for resten av valbolken 2023-2027

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 3/2026 Val av nytt medlem i formannskapet, Kraftfondstyret administrasjonsutvalet og valstyret for resten av valbolken 2023 - 2027:

Vedtak frå kommunestyret:

Vebjørn Haugsdal vert vald som medlem i formannskapet, Kraftfondstyret, administrasjonsutvalet og valstyret for resten av valbolken 2023-2027

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 5/2026 Saldering budsjett 2026

Saka vart drøfta.

Rådmannen orienterte om ein del forhold i budsjett 2026 innleiingsvis, og gjorde merksam på at det må jobbast vidare med følgjande forholdet fram mot revidering av budsjett 2026 i april-møtet:

- byggesaksgebyr og tilkoplingsgebyr, jf. innspel FrP og vedtak i kommunestyremøte 11.12.25, og justering i sak 2/2026

og at det bør gjerast 2 endringa i saldert driftsbudsjett 2026,

- Stordalen skisenter, tilskot med kr. 250.000
- Masfjordsambandet, og justering av forhold kring 3.kulepunkt sak 12/26 med tildeling av oppdrag endring av reg.plan Masfjordsambandet med ei løyving på 2,1 mill.kr., finansiert med fond/brufond.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Opprette eit bundne fond for overskotet til sal av datasenterareal til samfunnsnyttige formål som tener beredskap- og levekår i området som vert belasta av etableringa.
- Investeringar som er planlagde for 2026 i revidert budsjett, blir finansiert vha. disposisjonsfondet.
- Landbrukskontoret blir styrka med ei prosjektstilling på 3 år, og evaluert etterkvart, som kan jobbe med oppfølging av landbruksgruppa sitt arbeid.
- Investere kr. 600.000 i BUA-utstyr og innreiing, slik at ein kan få ein funksjonell utlånssentral i kommunen.

Vebjørn Haugsdal (H) bad om at følgjande vart protokollert:

- Ei styrking av teknisk avdeling vert vurdert som naudsynt for å sikre tilstrekkeleg kapasitet, då fleire prosjekt i 2025 er utsette grunna manglande bemanning. Det blir vist til tidlegare framlegg om å auke løyvinga med 1,25 mill. kroner for å styrkje avdelinga. Det blir òg peikt på behovet for å vurdere ei vaktmeisterordning ved skulane for å handtere mindre vedlikehaldsoppgåver meir effektivt og at ordningane kunne tilby enkelte elevar ein meir praktisk skulekvardag.
- Samla sett vert det framheva at ei styrking av teknisk avdeling vil vere ei langsiktig investering for å sikre gode kommunale tenester innan helse og oppvekst.
- På denne bakgrunnen ønskjer Masfjorden Høgre følgjande utgreiingar:

- 1. Ei grundig gjennomgang av tilstanden på bruene i kommunen, samt ein langsiktig plan for vedlikehald og finansiering. Målet må vere å unngå uforutsette omdisponeringar frå andre prioriterte tiltak.
- 2. Ei utgreiing av behovet for styrkt bemanning i teknisk avdeling, med ei vurdering av korleis auka kapasitet kan bidra til betre prosjektgjennomføring og meir effektiv ressursbruk. Utgreiinga skal òg synleggjere behovet for ei eventuell vaktmeisterordning ved skulane, og vurdere om ein slik ressurs delvis kan nyttast i samarbeid med oppvekstsektoren.

Det vart bede om gruppemøte og gruppeleiar møte og møtet vart heva.

Det vart - etter gruppeleiar møte - sett fram følgjande fellesframlegg;

- Driftsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.
 - Stordalen skisenter tilskot med kr. 250.000 (av tidlegare løyving på 400.000, kor berre 150.000 vart nytta)
 - Masfjordsambandet – vedtak arb.gr. og tildeling av oppdrag endring av reg.plan bru, netto 2,1 mill.kr. – finansiert med bruk av brufondet
- Investeringsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering, med følgjande endringar. Kommunestyret ber om at desse punkta vert utgreidd fram mot revidert budsjett.
 - Posten oppgradering av innvendig skular vert auka til 1,4 mill. kroner i revidert budsjett. Auken må sjåast i samanheng med komande sak i april, om oppgradering og praksis i skulane.
 - Overskotet til sal av datasenterareal skal settast på investeringsfond. Formål skal vera å å bruke dette i Indrefjorden til samfunnsnyttige formål som tener beredskap- og levekår i området som vert belasta av etableringa.
 - Posten støtte til samfunnshusa må tilsaman bli 90.000,- i 2026.
 - Ei grundig gjennomgang av tilstanden på bruene i kommunen, samt ein langsiktig plan for vedlikehald og finansiering. Målet må vere å unngå uforutsette omdisponeringar frå andre prioriterte tiltak.
 - Ei utgreiing av behovet for styrkt bemanning i teknisk avdeling, med ei vurdering av korleis auka kapasitet kan bidra til betre prosjektgjennomføring og meir effektiv ressursbruk.
 - Utgreiinga skal òg synleggjere behovet for ei eventuell vaktmeisterordning med sosialfagleg bakgrunn/erfaring ved skulane, og vurdere om ein slik ressurs delvis kan nyttast i samarbeid med oppvekstsektoren. Me ber og om at denne utgreiinga og vurderer behovet for ei stilling som miljøarbeidar / vaktmeister+

Ap trekk dermed sitt framlegg til vedtak.

Felles framlegg til vedtak sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 5/2026 Saldering budsjett 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

- Driftsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.
 - Stordalen skisenter tilskot med kr. 250.000 (av tidlegare løyving på 400.000, kor berre 150.000 vart nytta)
 - Masfjordsambandet – vedtak arb.gr. og tildeling av oppdrag endring av reg.plan bru, netto 2,1 mill.kr. – finansiert med bruk av brufondet
- Investeringsbudsjett 2026 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering, med følgjande endringar. Kommunestyret ber om at desse punkta vert utgreidd fram mot revidert budsjett.
 - Posten oppgradering av innvendig skular vert auka til 1,4 mill. kroner i revidert budsjett. Auken må sjåast i samanheng med komande sak i april, om oppgradering og praksis i skulane.
 - Overskotet til sal av datasenterareal skal settast på investeringsfond. Formål skal vera å å bruke dette i Indrefjorden til samfunnsnyttige formål som tener beredskap- og levekår i området som vert belasta av etableringa.
 - Posten støtte til samfunnshusa må tilsaman bli 90.000,- i 2026.
 - Ei grundig gjennomgang av tilstanden på bruene i kommunen, samt ein langsiktig plan for vedlikehald og finansiering. Målet må vere å unngå uforutsette omdisponeringar frå andre prioriterte tiltak.
 - Ei utgreiing av behovet for styrkt bemanning i teknisk avdeling, med ei vurdering av korleis auka kapasitet kan bidra til betre prosjektgjennomføring og meir effektiv ressursbruk.
 - Utgreiinga skal òg synleggjere behovet for ei eventuell vaktmeisterordning med sosialfagleg bakgrunn/erfaring ved skulane, og vurdere om ein slik ressurs delvis kan nyttast i samarbeid med oppvekstsektoren. Me ber og om at denne utgreiinga og vurderer behovet for ei stilling som miljøarbeidar / vaktmeister+

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 6/2026 Framlegg til
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 6/2026 Framlegg til
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner i medhald av Plan og bygningslova § 11-15 framlegg til
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2026-2037.

Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.01.26.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 7/2026 Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 7/2026 Søknad om stønad til arealutvikling av Masfjorden folkebibliotek:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret stiller seg positive til søknaden, og vedtek at Masfjorden kommune dekker eigenandelen på 390 000 kroner. Finansiert med unytta fondsmidler innan kulturområdet/disp.fond drift.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 8/2026 Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune

Oppvekstleiar Wenche Daae møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 8/2026 Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Prinsipp og retningslinjer for skuleturar i 10. klasse vert teke til orientering, og vert gjeldande frå skuleåret 2025/2026

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 9/2026 Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 9/2026 Oppmoding om busetting av flyktingar 2026 - tilbakemelding:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune melder frå til IMDI om at me kan ta i mot inntil 10 flyktningar etter kvart som kommunen får ledige bustader. Masfjorden kommune vil ikkje ta imot fleire flyktningar som er definert som einslege mindreårige med følgjeperson.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 10/2026 Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (FrP) sette fram følgjande fellesforslag frå H, Sp og FrP:

- Kommunestyret tek dei administrative tilrådingane til orientering, og ber administrasjonen følgje opp følgjande punkt:
 - tilråding om tilskot til mjølkekvote
 - tilråding om bandtvang
 - tilråding om avløysarordning
 - tilråding om veterinærtenester
 - føl opp dialogen med Alver kommune om mogleg samarbeid om felles jordbrukskontor
- Kommunestyret ber om at det vert lagt fram eiga sak til møtet i juni, der administrasjonen greier ut konsekvensar knytt til kommunal lånefinansiering til investeringar i landbruket.
- Kommunestyret ber om at det vert lagt fram eiga sak med framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Informasjon om prosjekt som kan gje statlege og fylkeskommunale tilskotsmidlar må vere offensiv, sjølv om det blir samarbeid med Alver, Austrheim og Modalen. Dersom dette samarbeidet ikkje fører fram, må kommunestyret få saka attende til handsaming.

Røysting:

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå H, Sp og FrP. Framlegg frå H, Sp og FrP vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til vedtak frå Ap. Framlegg frå Ap vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 10/2026 Oppfølging av rapport frå landbruksgruppe:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret tek dei administrative tilrådingane til orientering, og ber administrasjonen følgje opp følgjande punkt:

- tilråding om tilskot til mjølkekvote
- tilråding om bandtvang
- tilråding om avløysarordning
- tilråding om veterinærtenester
- følg opp dialogen med Alver kommune om mogleg samarbeid om felles jordbrukskontor

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram eiga sak til møtet i juni, der administrasjonen greier ut konsekvensar knytt til kommunal lånefinansiering til investeringar i landbruket.

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram eiga sak med framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar.

Informasjon om prosjekt som kan gje statlege og fylkeskommunale tilskotsmidlar må vere offensiv, sjølv om det blir samarbeid med Alver, Austrheim og Modalen.

Dersom dette samarbeidet ikkje fører fram, må kommunestyret få saka attende til handsaming.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 11/2026 KS Debattheft 2026 - Tid for taktskifte

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram slikt justert framlegg til vedtak:

1. Kva må me gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?
 - God leiing på alle nivå. Framoverleint leiarutvikling.
 - Vidareutvikle og styrke bruken av velferdsteknologi for å sikre berekraftig velferdstenester i møte med endringar i demografi og tilgang til arbeidskraft. Teknologien bidreg til å frigjere arbeidskraft og gjer det mogleg å levere trygge tenester med færre ressursar.
 - Prioritere tenester tydelegare og styrke førebygging og bu-heime-lenger-tiltak.
 - Vurdere interkommunalt samarbeid og samling av fagmiljø der det gir betre kvalitet og kapasitet.
 - Fortsetje det gode arbeidet med etablering av omsorgsbustader og omsorgsbustad+ i kommunen, for slik å gje innbyggjarane i kommunen moglegheit til å bu sjølvstendig lengst mogleg.
 - I større grad oppfordra ufaglærte til å ta utdanning, og leggje til rette for dette gjennom ulike ordningar.
 - Synkande barnetal og auka tal eldre. Arbeide med ein forventningsavklaring om at tilsette kanskje må bytte arbeidsplass eller sektor dersom behovet endrar seg.
 - Tenkje «nytt». Kan ein få tilbake ein tankegang der generasjonsbustad er tilbake, og ein slik kan nytta seg av familien. (eldre bur heime lenger, barn får nærheit til besteforeldre osv osv)
2. Korleis kan me i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?
 - Satse målretta på å ta imot lærlingar, særleg i fag med rekrutteringsutfordringar. Sikre at lærlingar får god oppfølging og praksis av høg kvalitet. Utdanne eigne fagarbeidarar.
 - Styrke kompetansen hjå eigne tilsette. Meir fokus på kompetanseheving og karrierevegane internt for å halde på medarbeidarar og utnytte kompetansen betre. Prioritere etter- og vidareutdanning tilpassa framtidige behov.
 - Delta i prosjekt som til dømes «Læring i næring» og andre tiltak som gjev unge tidleg tilgang til arbeidslivet. I «Læring i næring» får unge prøve seg i arbeidslivet allereie som 10. klassingar.
 - Me blir stadig eldre, noko som gjer at folk flest kan stå i arbeid lenger. Dei som no er i tidleg pensjonsalder er ofte friske og har god kapasitet. Skape gode ordningar som gjer at dei er villige til å stå i arbeid lenger.
 - Ta vare på pensjonistane! Dei sit med god kunnskap, mykje erfaring og mange er

villige til å bidra vidare – hadde det ikkje vore for dårleg pensjonistløn, og tilrår at KS jobbar for å styrke vilkåra. I tillegg er det slik at dersom ein er inne å jobbar ekstra som pensjonist, vil dei ikkje få same ordningane og godar som dei fast tilsette.

- Frivillige. I vår kommune er det eit stort frivillig miljø. Kan me organisera oss på ein god måte i samarbeid med frivillige?
- Moglegheit for kommunalt tilsette å ta ekstravakter i andre sektorar. Til dømes vil det kunne vera attraktivt for tilsette på kontor eller i oppvekst å ta ei ekstra helg eller ettermiddagsvakt i helse. Om dette skal fungere må ein lage ei ordning som gjer rett på overtidsbetaling på lik linje med dei som arbeider i helse, utan krav om å ta ut avspassing som betaling.

3. Kva må me prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å auke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- Drive aktivt informasjonsarbeid, både for å rusta innbyggjarane men og for å trygge dei og oppretthalde tillit.
- Sikre aggregat på butikkane – då kan butikkane vere til dels operative, kjøle- og frysevarer vil kunne bevarast, og samstundes vil butikkane då kunne fungere som møteplass i tilfelle krise og behov for felles informasjon (gjennom til dømes informasjonstavler)
- Inngå eit samarbeid med dei lokale butikkane om at varene deira inngår i kommunen sitt beredskapslager til institusjonar. Slik kan me sikre at institusjonar og brukarar av heimetenesta har gode beredskapslager tilgjengeleg.
- I større grad knytte frivillige lag og organisasjonar opp mot beredskapsarbeidet, gjerne med frivilligkoordinator som knutepunkt.
- Fleire beredskapsøvingar, både lokalt men også i samarbeid med nabokommunar, interkommunale samarbeid og Statsforvaltar.

Mariann Fløtre Andvik (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg under pkt 2:

- Felles lønnsmasse – solidarisk lønnsdannelse
- Mer styringsrett er ikke løsningen – samarbeid er nøkkelen
- Bruk kompetansen som allerede finnes

Mariann Fløtre Andvik (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg under pkt 3:

- Arbeidstøy – verdighet og sikkerhet i praksis

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjande endringsforslag til siste kulepkt under pkt 1:

- Tenke "nytt". Eigna bustadar og bumiljø – folk å velje sjølv- me skal som kommune vere tilretteleggar

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjande tilleggspunkt under pkt 2:

- Styrke språkopplæring for alle minoritetar og aldersgrupper
- Sterkare samarbeid med vekstbedrifter

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjande tilleggspunkt under pkt 3

- skulehagar må prioriterast og styrking av matjord på gardar som ligg brakk

Røysting

Det vart røysta over pkt 1 - alle kulepunkt utanom det siste - i framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet. Framlegg til vedtak for pkt 1 kulepkt 1-7 frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over pkt 2 - alle kulepunkt - i framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet. Framlegg til vedtak for pkt 2 frå rådmannen vart samrøystes vedteke

Det vart røysta over pkt 3 - alle kulepunkt - i framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet. Framlegg til vedtak for pkt 3 frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

For pkt 1 - siste kulepunkt - i framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet, var det forslag om å røyste dette opp mot endringsforslaget frå V. Vebjørn Haugsdal (H) spurte om V sitt forslag til endring i siste kulepunkt under pkt 1 ikkje kunne vere eige kulepkt i tillegg til det som var sett fram av rådmannen i møtet. Kommunestyret vart samde om å gjere det slik. Det vart difor først røysta over pkt 1 - siste kulepunkt - i framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet. Framlegg til vedtak for pkt 1 siste kulepunkt frå rådmannen vart samrøystes vedteke. Det var så røysa over framlegg til vedtak frå V - Tenke "nytt". Eigna bustadar og bumiljø – folk å velje sjølv- me skal som kommune vere tilretteleggar. Framlegg til nytt kulepunkt under pkt 1 frå V vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå V - Korleis rekrutterar me, inkluderar me, sorgar for at alle med restarbeidsevne vert med i arbeidslivet / Styrke språkopplæring for alle minoritetar og aldersgrupper / Sterkare samarbeid med vekstbedrifter. Framlegg til nye kulepunkt under pkt 2 frå V vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå V - skulehagar må prioriterast og styrking av matjord på gardar som ligg brakk. Framlegg til nytt kulepunkt under pkt 3 frå Venstre vart vedteke mot ei røyste (Geir Egil Haugsvær (Sp))

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Ap - Felles lønnsmasse – solidarisk lønnsdannelse. Framlegg til nytt kulepunkt frå Ap under pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Ap - Mer styringsrett er ikke løsningen – samarbeid er nøkkelen. Framlegg til nytt kulepunkt frå Ap under pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Ap - Bruk kompetansen som allerede finnes. Framlegg til nytt kulepunkt frå Ap under pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Ap - Arbeidstøy – verdighet og sikkerhet i praksis. Framlegg til nytt kulepunkt frå Ap under pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 11/2026 KS Debattheft 2026
- Tid for taktskifte:

Vedtak frå kommunestyret:

1. Kva må me gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

- God leiing på alle nivå. Framoverleint leiarutvikling.
- Vidareutvikle og styrke bruken av velferdsteknologi for å sikre berekraftig velferdstenester i møte med endringar i demografi og tilgang til arbeidskraft. Teknologien bidreg til å frigjere arbeidskraft og gjer det mogleg å levere trygge tenester med færre ressursar.
- Prioritere tenester tydelegare og styrke førebygging og bu-heime-lenger-tiltak.
- Vurdere interkommunalt samarbeid og samling av fagmiljø der det gir betre kvalitet og kapasitet.
- Fortsetje det gode arbeidet med etablering av omsorgsbustader og omsorgsbustad+ i kommunen, for slik å gje innbyggjarane i kommunen moglegheit til å bu sjølvstendig lengst mogleg.
- I større grad oppfordra ufaglærte til å ta utdanning, og leggje til rette for dette gjennom ulike ordningar.
- Synkande barnetal og auka tal eldre. Arbeide med ein forventningsavklaring om at tilsette kanskje må bytte arbeidsplass eller sektor dersom behovet endrar seg.
- Tenkje «nytt». Kan ein få tilbake ein tankegang der generasjonsbustad er tilbake, og ein slik kan nytta seg av familien. (eldre bur heime lenger, barn får nærheit til besteforeldre osv osv)
- Tenke "nytt". Eigna bustadar og bumiljø – folk å velje sjølv- me skal som kommune vere tilretteleggar.

2. Korleis kan me i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som fins?

- Satse målretta på å ta imot lærlingar, særleg i fag med rekrutteringsutfordringar. Sikre at lærlingar får god oppfølging og praksis av høg kvalitet. Utvikle eigne fagarbeidarar.

- Styrke kompetansen hjå egne tilsette. Meir fokus på kompetanseheving og karrierevegar internt for å halde på medarbeidarar og utnytte kompetansen betre. Prioritere etter- og vidareutdanning tilpassa framtidige behov.
- Delta i prosjekt som til dømes «Læring i næring» og andre tiltak som gjev unge tidleg tilgang til arbeidslivet. I «Læring i næring» får unge få prøve seg i arbeidslivet allerede som 10. klassingar.
- Me blir stadig eldre, noko som gjer at folk flest kan stå i arbeid lenger. Dei som no er i tidleg pensjonsalder er ofte friske og har god kapasitet. Skape gode ordningar som gjer at dei er villige til å stå i arbeid lenger.
- Ta vare på pensjonistane! Dei sit med god kunnskap, mykje erfaring og mange er villige til å bidra vidare – hadde det ikkje vore for dårleg pensjonistløn, og tilråd at KS jobbar for å styrke vilkåra. I tillegg er det slik at dersom ein er inne å jobbar ekstra som pensjonist, vil dei ikkje få same ordningane og godar som dei fast tilsette.
- Frivillige. I vår kommune er det eit stort frivillig miljø. Kan me organisera oss på ein god måte i samarbeid med frivillige?
- Moglegheit for kommunalt tilsette å ta ekstravakter i andre sektorar. Til dømes vil det kunne vera attraktivt for tilsette på kontor eller i oppvekst å ta ei ekstra helg eller ettermiddagsvakt i helse. Om dette skal fungere må ein lage ei ordning som gjer rett på overtidsbetaling på lik linje med dei som arbeider i helse, utan krav om å ta ut avpassering som betaling.
- Korleis rekrutterar me, inkluderar me, sorgar for at alle med restarbeidsevne vert med i arbeidslivet
 - Styrke språkopplæring for alle minoritetar og aldersgrupper
 - Sterkare samarbeid med vekstbedrifter.
- Felles lønnsmasse – solidarisk lønnsdannelse
- Mer styringsrett er ikke løsningen – samarbeid er nøkkelen.
- Bruk kompetansen som allerede finnes

3. Kva må me prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å auke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- Drive aktivt informasjonsarbeid, både for å rusta innbyggerane men og for å trygge dei og oppretthalde tillit.
- Sikre aggregat på butikkane – då kan butikkane vere til dels operative, kjøle- og frysevarer vil kunne bevarast, og samstundes vil butikkane då kunne fungere som møteplass i tilfelle krise og behov for felles informasjon (gjennom til dømes

informasjonstavler) • Inngå eit samarbeid med dei lokale butikkane om at varene deira inngår i kommunen sitt beredskapslager til institusjonar. Slik kan me sikre at institusjonar og brukarar av heimetenesta har gode beredskapslager tilgjengeleg.

- I større grad knytte frivillige lag og organisasjonar opp mot beredskapsarbeidet, gjerne med frivilligkoordinator som knutepunkt.
- Fleire beredskapsøvingar, både lokalt men også i samarbeid med nabokommunar, interkommunale samarbeid og Statsforvaltar.
- Skulehagar må prioriterast og styrking av matjord på gardar som ligg brakk.
- Arbeidstøy – verdighet og sikkerhet i praksis.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 12/2026 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar:

Idrettsrådet v/John Torvik orienterte om Rammeløyve for idrettsbana og nærmiljøanlegget ved Sandnes skule (jf sak KS 91/2025) saman med Siri frå Fjon UIL og Synne frå Sandnes Vel før kommunestyremøtet starta.

Referatsaker:

- Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 04.02.2026
- Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 12.desembar
- Referat etter 1.møte i arbeidsgruppa for Masfjordsambandet i 2026
- Høringsbrev
 - rådmannen orienterte om at framlegg til høyringssvar kjem i april-møtet
- Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 02.02.26
- Programmet til Kvinner og Kraft 2026 er her!
 - Sigrun Haugsdal Reknes (H) og Tina Korsøen Fjellby (H) vert utsendingar frå Masfjorden

Orientering frå ordførar:

- varaordførar Geir Egil Haugsvær orientert om tilbod om å melde seg inn i Vest-Norges Brusselkontor (VNB)
 - kommunestyret ba om at det kom sak om dette på neste møte.
- ordførar orienterte tiltak for møtestruktur kommunestyremøte,/korte ned på møtelengda

Orientering frå Rådmannen:

- Rådmannen orienterte om at kommunestyret nestes gong vert på Nordbygda skule

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 12/2026 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orinteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 13/2026 Interpellasjonar og spørsmål

1/2026 Spørsmål til ordførar i kommunestyremøte 18.02

Teknisk sjef Roald Kvingedal svara:

- Det vart under referatsaker i kommunestyret 07.05.24 teke opp likande problemstilling, der ein ynskte at teknisk utval saman med administrasjonen gjorde ei kartlegging av «...eigarlaust» skrap og bilvrak...» rundt om i kommunen. Ein svara då at det ikkje let seg gjera på toppen av dei oppgåvene som ein gjer elles og at det i så fall vil krevja ekstra ressursar. Etter det har ikkje adm. fått noko vidare avklaring eller bestilling.
I plan- og bygningslova står det følgjande
§ 31-1. Plikt til å holde byggverk og installasjonar i forsvarlig stand
Eieren eller den ansvarlige skal holde byggverk og installasjonar som reguleres av denne loven, i forsvarlig stand, slik at det ikke oppstår vesentlig ulempe for eller fare for skade på personer, eiendom eller miljø.
Kommune kan med heimel i plan- og bygningslova §§31-7, 31-8 og 31-9 gje pålegg om riving, fjerning, sikring osv. når byggverket kan vera til fare eller vesentleg ulempe for personar, eigedom eller miljø.
Brev med vedtak om varsel om pålegg om retting sender kommunen ut når ein vert merksam på tilhøve. Spesielt når ein ser at det kan vera fare for liv og helse.
Kommune orienterar om statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskotsordningar når det er bygningar som kan ha kulturhistorisk verdi. Midlane i budsjettet er avgrensa og vert forvalta av ansvarleg for kultur i kommunen. Ofte tek ein kontakt med Museumsenteret i Hordaland (på Salhus), som kan stilla med arkitekt med bygningsvernkompetanse.
Forsøpling, i forureiningslova §28 er det forbod mot forsøpling : «Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet.» Kva som er «...skjemmende...» er ei svært subjektiv vurdering, slik at med unntak av akutt forureining, vurderer kommunen det vanlegvis som vanskeleg å påleggja fjerning av avregistrerte bilar o.a. med heimel i denne paragrafen. Det vil og sjølvsagt vera ein anna vurdering av kva som er skjemmende i eit området avsett til industri/ forrenting i kommuneplanen mot eit område som er avsett til bustad.
På heimesida til kommunen er det under klima og miljø, dette med forsøpling, Forsøpling er ulovleg og kan vere skadeleg og skjemmende for miljøet.
Kommunen har ansvar for å handheve forureiningslova når det gjeld forsøpling. Ved melding om forsøpling prøver kommunen først å finne spor etter den/dei skuldige. Vedkommande får då pålegg om å rydde etter seg. Dersom vi ikkje finn dei ansvarlege, er det grunneigaren som har ansvaret for å rydde opp (forureiningslova §

37).

På heimesida vert det, og linka til NGIR sine heimesider info om mottak av avfall, bilvrak, båtvrak og anna farleg avfall.

For Masfjorden kommune har NGIR vår og haustrydding kvart år, der det vert sendt ut melding til alle hushaldningar i Masfjorden om tidspunkt og stad, for levering av avfall. I Masfjorden kommune er det i samarbeid med NGIR gode ordningar, når det gjeld å ta i mot alle typar avfall.

Arbeid med kartlegging og pålegg med fjerning av vrak, ulike type avfall og hus til nedfall, er svært arbeidskrevjande, og det må meir ressursar til i administrasjonen om dette skal kunne prioriterast og jobbast meir systematisk med.

2/2025 Spørsmål til ordførar-kommunestyremøte 18.02.2026

Ordførar svara:

- Først vil eg seie at eg har forståelse for at representanten reagerer når ho les overskrifta og delar av omtalen i media den siste veka. Det gjorde som sagt eg og. Eg vil oppmode om at me framover legg større vekt på å ha ein respektfull tone i den politiske dialogen, noko eg syntes mangla her.
Når det gjeld styringsgruppa for samfunnsplanen, vil eg presisere at det ikkje er korrekt at «posisjonen» har valt å halde Venstre utanfor. Planoppstarten for samfunnsplanen vart vedteken i desember 2024, og det går tydeleg fram av planprogrammet og vedtaket at formannskapet skulle vere styringsgruppe for planen. Dette er ein vanleg og breitt praktisert modell i norske kommunar, og vedtaket vart gjort samrøystes i kommunestyret – også med Venstre si stemme.
Når det gjeld spørsmål om behov for meir fakta, innhenting av kunnskapsgrunnlag og eventuelle temamøte om vindkraft, viser eg til dei grundige vurderingane eg alt har gjort greie for i svaret på spørsmålet frå Arbeiderpartiet. Eg har ikkje planar om å ta opp vindkraft som eiga sak i Masfjorden kommune, og eg ønskjer heller ikkje at kommunen på eige initiativ skal starte eit planarbeid knytt til vindkraft.
Orienteringar i politiske organ skal vere knytte til kommunen si tenesteyting eller saker som faktisk skal behandlast politisk. Dersom ein først skulle opne for orienteringar frå interesseorganisasjonar mot vindkraft, ville det av hensyn til balanse og nøytralitet og vere nødvendig å invitere aktørar som ønskjer utbygging. Kommunen har ei plikt til å sørgje for sakleg og balansert opplysning av saker. Dette har eg ved tidlegare høve og opplyst om til representanten.
Eg registrerer samtidig at Venstre nasjonalt ønskjer at arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft skal takast opp att og ferdigbehandlast i Stortinget.
(representantforslag 112 S) Det gjer det naturleg å stille spørsmålet om representanten og ønskjer at kommunen sjølv skal ta initiativ til ei vindkraftsak lokalt. Dersom det er tilfelle, er eg tydeleg ueinig i ein slik framgangsmåte.
Når det gjeld forholdet mellom fakta og kjensler, vil eg vere klar på at eg aldri har sagt at kjensler ikkje skal vektleggjast. Engasjement og kjensler er ein naturleg del av store og viktige samfunnsspørsmål, og dei vil alltid påverke endelege vedtak. Eg har

sjølv mange kjensler og stort engasjement til mange av sakene me jobbar med i kommunen. Dei som kjenner meg har nok fått sett mitt engasjement. Poenget mitt har vore at debatten om vindkraft ofte blir sterkt kjensleprega og polarisert, Der frykt for å bli misforstått eller hengt ut kan gjere det vanskelegare å føre ein open og kunnskapsbasert debatt. Dette har eg gjort grundig greie for i svaret til Arbeiderpartiet.

Eg får og spørsmål om kva faktagrunnlag som eventuelt skulle kunne få meg til å støtte eit prinsippvedtak mot vindkraft. Som eg har peikt på tidlegare, er nettopp kjenneteiknet ved eit prinsippvedtak at det ikkje byggjer på eit konkret og opplyst faktagrunnlag. Difor meiner eg slike vedtak bryt med grunnleggjande demokratiske prinsipp om opplyste prosessar, reell medverknad og kunnskapsbaserte avgjerder. Til slutt vert det stilt spørsmål ved kva som ligg i omgrepet «fjell» i kommunen. Eg legg til grunn ei forståing som samsvarar med den dei fleste masfjordingar har. Eg vil samtidig minne om at representanten sjølv – saman med Arbeiderpartiet – i tidlegare nevnt interpellasjon har brukt formuleringar som «fjella våre», «fjellheimen» og «Masfjordfjella». Eg opplever difor spørsmålet meir som eit forsøk på å setje meg i bås enn som ei reell avklaring, og eg stiller spørsmål ved kva ein eigentleg ønskjer å oppnå med ei slik problemstilling.

Oppsummert

Eg har ikkje tatt initiativ til, og har heller ikkje planar om, å starte ei vindkraftsak i Masfjorden. Samtidig meiner eg det er avgjerande at kommunen held fast ved grunnleggjande demokratiske prinsipp: at store avgjerder enten det er skulestruktur, næringsutvikling, demografi utfordringar eller energisaker skal byggje på kunnskap, opplyste prosessar, respekt for ulike syn og reell moglegheit for innbyggjarane til å medverke. Det er desse prinsippa eg har vore oppteken av å løfte fram – ikkje å opne for vindkraftutbygging.

3/2026 Spørsmål til ordførar sendt inn til kommunestyremøte 18.februar 2026

Ordførar svara:

- Først vil eg takke Arbeiderpartiet for spørsmålet og for muligheten til å gjere greie for kva som har skjedd etter styringsgruppemøtet om samfunnsplanen 5. februar. Eg har full forståelse for at det vert reaksjonar når saka vert framstilt slik ho vart i media. Difor vil eg starte med å kommentere avisomtalen, då eg opplever at det er denne som ligg til grunn for spørsmålet frå Arbeiderpartiet. Den siste veka mi har vore prega av mange følelsar. Frustrasjon, oppgitthet, irritasjon og makteslaushet er blant dei. Men og engasjement og stå på vilje. Å stå på for det eg trur på. Vi hadde eit godt og grundig styringsgruppemøte om samfunnsplanen, der vi gjekk gjennom heile planen, arbeidde med høyringsinnspel og styrka dei delane som handlar om kunnskapsgrunnlag, utgreiingar og innbyggjarmedverknad. Samfunnsplanen skal peike ut retninga for utviklinga i kommunen, og ein tydeleg raud tråd er at viktige samfunnsavgjerder – som for eksempel skulestruktur, demografi utfordringar som for eksempel lokalisering av omsorgsbustader,

næringsutvikling og energisaker – skal byggje på kunnskap, innbyggjarmedverknad og gode demokratiske prosessar.

Eg opplever og at Arbeiderpartiet i Masfjorden støttar denne tilnærminga når de skriv i høyringsuttalen til samfunnsplanen at « Lokaldemokratiske prosessar skal vere fundamentert på fagleg innsikt, open dialog og nødvendig samhandling med aktuelle brukargrupper og organisasjonar»

Når det gjeld spørsmålet om vindkraft, har styringsgruppa følgt opp både innspela som kom i høyringsperioden og kommunestyret sitt vedtak frå 2019. Dette er foreslått reflektert i samfunnsplanen gjennom å ta inn formuleringane frå vedtaket i 2019 samt å ta med formuleringa: «Det er ikkje ønskjeleg å leggja til rette for etablering av vindkraft i fjellområda...»

Samtidig ligg prinsippet om kunnskapsbaserte og demokratiske prosessar fast som overordna styring for korleis kommunen skal handtere viktige samfunnssaker dersom dei oppstår.

Journalisten kunne skrevet om dette, men valgte å la vær...

Under møtet hadde eg ein uformell samtale med journalisten som var tilstades om blant anna samfunnsplanen og den raude tråden. Difor reagerte eg sjølv og sterkt då artikkelen som seinare vart publisert, framstilte det som om eg inviterer til oppstart av utgreiingar om vindkraft, og som om eg meiner motstand mot vindkraft ikkje er basert på kunnskap, men på kjensler.

Dette er ikkje i samsvar med det eg sa eller meinte. Eg var heller ikkje klar over at eg vart intervjuet om vindkraft som eiga sak, og eg fekk ikkje anledning til å be om sitatsjekk. Eg tok kontakt med avisa kort tid etter publisering for å peike på misforståingane, utan å få gjennomslag. Eg har heller ikkje fått anledning til å uttale meg i oppfølgingsartikkelen som avisa publiserte. Saka er difor følgt opp med formell klage til avisa, og ho vert og vurdert sendt vidare til Pressens faglege utval for handsaming.

Når det gjeld spørsmålet frå Arbeiderpartiet, vil eg rydde opp i ei viktig presisering. I spørsmålet vert det vist til at Arbeiderpartiet og Venstre bad om ein «ny uttale» om vindkraft i interpellasjonen frå 30.10.24. Slik eg les interpellasjonen, stemmer ikkje dette. Interpellasjonen bad ikkje om ei ny uttale, men om å løfte saka med sikte på eit prinsipielt vedtak om vindkraftindustri i Masfjordfjella. Det er ein vesentleg forskjell.

Eit prinsipielt vedtak er eit vedtak utan at det ligg føre konkret kunnskapsgrunnlag, konsekvensvurderingar eller brei innbyggjarmedverknad som del av saksutgreiinga. Etter mitt syn er ikkje det ein god demokratisk framgangsmåte. Lokaldemokratiske avgjerder bør byggje på opplyste prosessar der både fakta, konsekvensar og innbyggjarmedverknad er grundig vurderte før ein konkluderer. Ja slik som Arbeiderpartiet har spelt inn i høyringsuttalen til samfunnsplanen.

Elles risikerer ein at vedtaket får svak legitimitet og står dårlegare over tid.

Det er ikkje noko god demokratisk prosess å ta frå meiningsmotstandarar retten til å kunne påverke prosesser i eigen kommune, og det er det eit prinsippvedtak gjer.

Dette samsvarar med forventningane frå nasjonale styresmakter. Den kommunale vetoretten ligg fast, men han forpliktar kommunane til å gjere reelle

vurderingar og byggje avgjerder på kunnskap og fagleg grunnlag. Arbeiderpartiets energiminister Terje Åsland har vore tydeleg på at vindkraft ikkje kan realiserast utan lokal tilslutning, og at avgjerder skal vere kunnskapsbaserte. Eg er redd for at vetoretten står i fare om me ikkje føl desse klare forventningane.

Så vidare til saken

Verken eg eller varaordføraren har teke til orde for å starte innhenting av kunnskapsgrunnlag om vindkraft. Det me har løfta fram, er at dei same grunnleggjande demokratiske prinsippa må gjelde også dersom ei slik sak ein gong skulle komme. Demokratiet må opplevast rettferdig – også for dei ein sjølv ikkje er einig med. Som folkevalde har me eit særleg ansvar sjølv når saker er krevjande, å sikre at alle innbyggjarar vert møtte med respekt, openheit og reell moglegheit til medverknad.

Eg vil sitere noko frå landsmøte talen eg hadde i år som eg meiner er særskild relevant i denne saka:

«Me står midt i ei omfattande omstilling av samfunnet vårt. Nettopp i slike tider er det avgjerande at vi held fast ved prinsippa våre. Likevel ser vi ein debatt som oftare blir prega av polarisering, raske konklusjonar og høgt konfliktnivå. Mange kan kjenne på frykt for å bli misforstått eller hengt ut. Då blir det vanskelegare å stille dei nødvendige spørsmåla og be om meir kunnskap før avgjerder blir tatt.

Dette handlar ikkje om å vere for eller imot ei konkret sak. Det handlar om å sikre gode og opne demokratiske prosessar»

For me ser og at polarisering lett kan viske ut det vi eigentleg er einige om. Debatten kan bli så hard at uenighet om framgangsmåte fører til uthenging og grove beskuldingar. Det er noko av det eg sjølv har opplevd dei siste vekene. Eit slikt debattklima tener verken demokratiet eller lokalsamfunnet vårt her i masfjorden. Eg vil til slutt vere tydeleg på at eg aldri har sagt eller meint at motstandarar av vindkraft manglar kunnskap. Mange har tvert imot god innsikt og velgrunna standpunkt, både for og imot. Poenget mitt har vore at kunnskapen enten den er fremma av NVE, Eviny, av engasjerte privatpersoner, Motvind Norge eller andre interesse organisasjonar. Så skal Kunnskapsgrunnlaget utgreiast i saksframlegget slik at alle folkevalgte som skal ta del i beslutninga har same informasjon.

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 13/2026 Interpellasjonar og spørsmål:

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 1/2026 Spørsmål til ordfører i kommunestyremøte 18.02

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 1/2026 Spørsmål til ordfører i kommunestyremøte 18.02:

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 2/2026 Spørsmål til ordfører-
kommunestyremøte 18.02.2026

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 2/2026 Spørsmål til ordfører-
kommunestyremøte 18.02.2026:

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 3/2026 Spørsmål til ordførar sendt inn til kommunestyret 18. februar 2026

Vedtak/tilråding frå Kommunestyret - 18.02.2026 av sak 3/2026 Spørsmål til ordførar sendt inn til kommunestyret 18. februar 2026:

